

Søknad om tilskott til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstiltak

Dykkar referansenummer: 2015/4818

Prosjektnavn: Frisklivstilbod til heimebuande eldre

Kommunenavn og kommunenummer: Lindås kommune 1263

Kontaktperson:

Navn: Reidun S. Sæbdal

Postadresse: Kvernhusmyrane 20

E-post: reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Telefon: 56375721/91377514

Kontonummer for innbetaling av tilskott: 1503 22 54567 mrk 451 -2411

Organisasjonsnummer: 935 084 733

Vidareføring av prosjekt fra 2014. Lindås kommune fekk tilskot til etablering av frisklivstilbod i 2014, tilsaman kr 100.000. Søknaden inneholder 2 hovudområder som vi planla å starte opp med. 1) Fallførebygging til heimebuande eldre 2) Kost- og aktivitetsveiledning til foreldre med barn i grunnskulen som slit med overvektproblematikk. Pkt 1 har vi kome i gang med. Pkt 2 har vore meir utfordrande i forhold til oppstart. Midlane vi søker om i 2015 vil vi nytte til å vidareutvikle frisklivstilboden til eldre (pkt 1), både kvalitetsmessig og i større omfang. Av midlane vi fekk i 2014 har vi overført kr 87.000. Dette pga av at vi kom seint i gang hausten 2014. Midlane vi har brukt har gått til tilrettelegging/utstyr av lokaler. Vi har ikkje brukt av tilskotsmidlane til løn i 2014.

1. Innleiing

Målet med prosjektet er å etablere eit fast frisklivstilbod til heimebuande eldre , organisert som gruppetrening med fokus på fallførebygging og med tilbod om vurdering av m.a. fallførebyggjande tiltak i heimen. Lindås kommune arbeider aktivt på fleire områder for at eldre skal få bu lengst mogleg i eigen heim. Saman med omsorgsteknologiprosjekt som også inkulderer kvardagsrehabilitering er dette førebyggjande prosjektet til heimebuande eldre, sentrale tiltak retta mot denne aldersgruppa for å mestre kvardagen best mogleg og vere mest mogleg sjølhjelpen.

2. Bakgrunn. Fallførebyggjande tiltak retta med eldre er trekt fram i ulike samanhengar som tiltak som har effekt. Lindås kommune hadde så vidt starta opp med slikt tiltak før vi fekk prosjektmidlar i 2014. Med prosjektmidlar har vi moglegheit til å setje arbeidet meir inn i eit system, der vi også har moglegheit for evaluering og justering av korleis vi lukkast best.

3. Mål og målgruppe

Mål og målgruppe i prosjektet: Etablere fallførebyggjande gruppetrening med tilbod om vurdering av fallførebyggjande tiltak i heimen til heimebuande eldre. Tilboden skal etablerast som fast gruppetilbod i ulike delar av kommunen. Vi vil retta tilboden mot tidleg intervensjon. Dvs. at vi vil prøve å nå eldre før dei har utvikla vesentlege balanseproblem. Annonsering av tilboden i lokale aviser har vist seg å vere nyttig for å nå den rette målgruppa.

4. Prosjektorganisering og forankring

Einingsleiar for helsetenesta vil fungere som prosjektleiar. 3 fysioterapeuter og ergoterapeut vil fungere som arbeidsgruppe og gjennomføring av prosjektet. Avdelingsleiarar i heimetenesta vil vere ressurspersonar. Prosjektleiar rapporterer til kommunalsjef for helse og omsorg.

5. Tiltak, gjennomføring og framtidsplan

Prosjektet skal vidareførast frå 2014 og vidareutviklast. Ergoterapeut skal delta i prosjektet. Ein er i gang med nye grupper i inneverande år. Tiltaket blir markedsført via heimetene, fastlegane, kommunale og privatpraktiserande fysioterapeuter, forvaltningskontor og annonsering i lokale aviser og på internettetsida til kommunen. I løpet av 2015 er målet å gjennomføre 10 grupper med tilsaman ca 100 deltakrar. Tilboden skal evaluerast vha. brukarundersøking. Treningseffekten for den enkelte skal evulerast vha. testing av funksjon; før, midtveis og etter treningsperiode.

6. Økonomi og budsjett

Søknadsum: kr 180.000 (ca 30% stilling) inklusiv 87.000 ubrukte midlar 2014 som er overført

Eigenfinansiering: kr 180.000 (ca 30% stilling)

7. Risikofaktorer og kontrolltiltak

Risikofaktorer: at ein ikkje får rekrytert dei rette deltakarane til prosjektet.

Intern kontrollaktivitet: einingsleiar for helsetenesta. Kommunalsjef helse- og omsorg.

Intern revisjon: økonomisjef og revisor

8. Overføringsverdi

Fleire kommunar har starta opp liknande tilbod. Vi trur at ved å rekrytere deltakarar i form av tidleg intervension, dvs. før vesentlege problem har utvikla seg, vil vi kunne bidra med kunnskap om nytteeffekt i forhold til denne målgruppa.

9. Videreføring og informasjonsspredning

1. Saman med omsorgsteknologiprojekt som også inkulderer kvardagsrehabilitering er dette førebyggjande prosjektet til heimebuande eldre, sentrale tiltak retta mot denne aldregruppa for å meistre kvardagen best mogleg og vere mest mogleg sjølhjelpen.

2. Informere om prosjektet og resultat i kommunen, til eldreråd og organisasjoner der eldre deltek.